



Kommunal- og Moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Arkivsakid-doknr:	19/188-4	Saksh:	Geir Underhaug	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	19/2215	Telefon	53 67 35 13	K1-033		28.03.2019

Høringsuttale

Eidfjord formannskap - 19/045:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune tilrår at moglegheita for felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting vert vidareført i forskrifta, og oppmodar difor til følgjande endring i Forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger):

Ordlyden i § 4 vert endra til:

§ 4 Felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting

Kommunen eller fylkeskommunen kan oppretta eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Organisasjonar for eldre, organisasjonar for personar med funksjonsnedsetting og etablerte råd for eldre og for personar med funksjonsnedsetting i kommunen eller fylket, skal verta høyrde før kommunestyret eller fylkestinget avgjer om det skal opprettast eit felles råd.

Kommunar som ved lovendringa hadde felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting, får halda fram med denne ordninga. Evaluering av ordninga skal skje i forkant av kvar valperiode.



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Geir Underhaug
Rådmann

Kopi til arkiv og kopibok



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	25.03.2019	19/045

Høring fellesråd for eldreråd og råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune tilrår at moglegheita for felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting vert vidareført i forskrifta, og oppmodar difor til følgjande endring i Forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om medvirkningsordninger):

Ordlyden i § 4 vert endra til:

§ 4 Felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting

Kommunen eller fylkeskommunen kan oppretta eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Organisasjonar for eldre, organisasjonar for personar med funksjonsnedsetting og etablerte råd for eldre og for personar med funksjonsnedsetting i kommunen eller fylket, skal verta høyrde før kommunestyret eller fylkestinget avgjer om det skal opprettast eit felles råd.

Kommunar som ved lovendringa hadde felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting, får halda fram med denne ordninga. Evaluering av ordninga skal skje i forkant av kvar valperiode.

25.03.2019 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 19/045 - Vedtak:

Eidfjord kommune tilrår at moglegheita for felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting vert vidareført i forskrifta, og oppmodar difor til følgjande endring i Forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (forskrift om

medvirkningsordninger):

Ordlyden i § 4 vert endra til:

§ 4 Felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting

Kommunen eller fylkeskommunen kan oppretta eit felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Organisasjonar for eldre, organisasjonar for personar med funksjonsnedsetting og etablerte råd for eldre og for personar med funksjonsnedsetting i kommunen eller fylket, skal verta høyrde før kommunestyret eller fylkestinget avgjer om det skal opprettast eit felles råd.

Kommunar som ved lovendringa hadde felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting, får halda fram med denne ordninga. Evaluering av ordninga skal skje i forkant av kvar valperiode.

Vedlagt:

Desse har uttalt seg i saka:

Vedtak skal sendast til:

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord formannskap

Saka gjeld:

Eidfjord kommune har no eige eldreråd og representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og har erfaring med både to separate råd og felles råd. Ved å slå saman dei to råda, så meiner kommunen at ein får ein mykje meir synleg representasjonsordning for både menneske med nedsett funksjonsevne og eldre.

Lovheimlane som opnar opp for at kommunane sjølve kan bestemma om det skal vera to separate råd eller eit felles råd, er ikkje vidareført i ny kommunelov (Viser her til § 4 a i eldrerådslova og § 4 i Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne). I forslag til forskrift vert det heller ikkje opna opp for at dette kan vera valfritt. Kommunane mistar dermed ein del av handlefridomen sin. Denne moglegheita er no redusert til å vera «ein siste utveg» for «mindre kommunar» dersom det ikkje lukkast å etablera to separate råd. Rådmannen meiner at dette er svært alvorleg og uheldig. Departementet tar ikkje innover seg at eit felles råd kan fungera vel så godt som, og kanskje betre enn to separate råd. Rådmannen ønskjer å påpeika at ved å bryta med tidlegare praksis, så avgrensar dette kommunane si moglegheit til sjølv å finna den beste løysinga for eigen kommune.

Eidfjord kommune er blant dei mindre kommunane i Vestland fylke etter at kommunesamanslåingsprosessane er ferdige, med om lag 920 innbyggjarar. Departementet har i sitt høyringsnotat ikkje definert kva det reknar som ein «liten kommune». Det er sannsynleg, men ikkje definert at Eidfjord kommune nytta seg av denne «unntaksregelen» for å sikra kontinuiteten av arbeidet til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre. Rådmannen oppmodar i forslag til høyringsuttale om at moglegheita for felles råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting vert vidareført i ny forskrift.

Eidfjord kommune har på lik linje med dei andre Hardangerkommunane, hatt eit eige ungdomsråd i mange år.

Rådmannen ser det som viktig at ungdomsråd eller anna representasjonsordning for ungdom vert lovfesta i den nye kommunelova, og støttar difor opp om argumentasjonen til ungdomsrådet i sitt framlegg.

Både eldreråd og rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne har uttalt seg i samband med denne høyringa. Begge råda har same tilråding, at det vert høve til å ha eit felles råd. Desse tilrådingane er lagt ved.

Eidfjord ungdomsråd sender eigen uttale til forskrift.

Geir Underhaug
rådmann

Underhaug, Geir
sakshandsamar

Rett utskrift: